



## Statens vegvesen

Alver kommune

Larissa Dahl

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/188252-6

Dykkar referanse:  
20/16512 -  
21/35886

Vår dato:  
22.06.2021

### Uttale til dispensasjonssøknad – Dyrkolbotn kraftverk Alver kommune.

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 30.05.2021.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-området i kommunedelplan for Lindås kommune for bygging av Dyrkolbotn kraftverk med tilhøyrande anlegg; mellombels riggområde, permanent deponi, røyrgate, dam, kraftstasjon, veg til stasjon og utfylling i bandleggingsområde langs E39. Konesjon er gjeve i 2020. Det er utarbeidd detaljerte planar for miljø og landskap, godkjent av NVE.

#### Planstatus

Eigedomen ligg uregulert i område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås er definert som LNF-føremål.

E39 inngår i reguleringsplan *E-39 Gamleseier – Nipetjønn PlanID 1263-11062003*

#### Uttale

Til denne saka uttaler Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg og som sektormynde med ansvar for trafikktryggleik

Av søknaden om dispensasjon, går det fram at riggområdet som vert omsøkt som rørlager ligg innanfor bandleggingssonen ved E39 og er eit mellombels inngrep der terrenget ikkje vert endra. Tiltaket skal tilbakeførast til opprinneleg område etter at utbyggingsperioden er over. På den andre sida av vegen til Dyrkolbotn er det planlagt eit permanent deponi av overskytande gravemassar frå rørgrøfta som truleg vert hovudsakleg sprengstein, med eit tynt lag med veksttorv på toppen. Også dette ligg ifølgje tiltakshavar innanfor bandleggingssonen.


Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vedlegg 3 til søknaden syner det tiltakshavar omtalar som «bandleggingssonen». Etter det Statens vegvesen kan sjå er det avgrensinga for reguleringsplan *E-39 Gamleseter – Nipetjønn PlanID 1263-11062003* som er illustrert med grå farge i kartet.



Oversendinga frå kommunen inneheld ei rekkje filer med dialog mellom partane i saka og uttrykket «bandleggingssone» vert brukt gjennomgåande. Når Alver kommune sender saker til formell høyring ber vi om at vi som høyringsinstans berre får oversendt relevant informasjon og at høyringsbrev inneheld tilstrekkeleg med opplysningar til at vi enkelt kan ta stilling til det omsøkte tiltaket. Vi kan etter å ha sett på ulike planar ikkje sjå at det ligg noko bandleggingssone langs Ev. 39 her utover vegføremål fastsett i reguleringsplanen for E39.

Kryssområdet der permanent deponi og mellombels riggområde vert søkt etablert er ikkje opparbeidd slik reguleringsplanen viser. Den eksakte avstanden frå det planlagde tiltaket til vegmidte Ev. 39 er etter det vi kan sjå ikkje vist i søknaden. Under føresetnad av at tiltaket ikkje kjem i berøring med vegkroppen for riksvegen, grøfter og tilhøyrande system for overvatn knytt til vegen, har ikkje Statens vegvesen vesentlege merknader. Vi presiserer at

det er viktig at tiltaket ikkje vert etablert slik eller med ei høgde som gjer at dette påverkar sikttilhøva i det etablerte krysset.

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i dispensasjonssak oversendt for klagevurdering.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*